

## Interesse for landskapspark

17.05.2009



Kristian Bringedal og Torfinn Myklebust var med på Stalheim.

**Fylkesmannen i Hordaland har plukka ut fire nye område som aktuelle stader for å etablera nye landskapsparkar. Det er Sveio, Ulvik, Odda og Uskedalen. Desse får sjansen til å starta utviklingsarbeid som kan føra fram til ei slik etablering.**

I samband med dette arrangerte Fylkesmannen konferanse på Stalheim Hotel, der kva dette er, og kva erfaringar stader som alt har etablert ein såkalla landskapspark, har. Kristian Bringedal og Torfinn Myklebust var med siste dagen på denne konferansen - for å ta med seg heim inntrykk, og om dette kan vera noko for Uskedalen. Uskedalen arbeider frå før med å verta besøksområde for Folgefonna Nasjonalpark. Kanskje kan dette arbeidast fram parallelt?

### Kulturlandskapet

Ein landskapspark skal ivareta og utvikla kulturlandskapet som grunnressurs for næring og busetjing for kommande generasjonar - skjøtsel gjennom landbruksbasert drift av miljøtiltak, skriv Fylkesmannen til Uskedalen Utvikling. Samstundes skal det sikra tilgjenge for rekreasjon og oppleveling for fastbuande og besøkjande, og byggja på området sin eigenart på lokalhistorie og kultur. Desse parkane skal ha ein natur- og miljøprofil. Men her vil det ikkje verta snakk om restriksjonar til eigalarar og brukarar som nasjonalparkane krev.

Det var kring tjue personar med på Uskedalen Utvikling sin tur til Åkrafjorden Landskapspark i haust. Så interessa for dette vart alt skapt i fjar.

Erfaringane frå dei landskapsparkane i Hordaland, som møtte på Stalheim Hotel, vart lagt fram. Frå mellom annan Åkrafjorden var det sagt mange positive ord om korleis fjaråret hadde vore i fjar. Det er rekna med ei ny

utvikling i år. Særleg vart det sagt at det er viktig å ha kjøtprodusenten Lundal med på laget. Det har vore nyttig for prosjektet.

### **Reiselivssatsinga**

Det vart også fortalt frå deltagarar til området på Stalheim, Per Sivles rike, til Myrdalen med den nye Voss Fjellandsby der det skal vera 350 hytter, til Undredalen med si vesle kyrkje og geitostproduksjon og tur til Flåm.

På konferansen vart det hevdat at å ha ein landskapspark hadde noko å seia for reiselivssatsinga i Åkrafjorden. Og stadane kunne då verta meir attraktive, vart det hevdat. Å ta vare på naturarven ville vera verdiskapande, og det kan verta utvikling av naturbasert reiseliv om dette skjer.

### **Bygdesentrums**

Interessant var det også å høyra Husbanken sin representant som snakka om korleis enkelte kommunar satsar på ei tett utbygging av sentrumsområda i ei bygd. Han peika på enkelte utkantkommunar i Agderfylka der dette er prøvt.

Å få til enkelte sentrumsfunksjonar, som samlingshus, pubar, bibliotek og anna samla, er med å fremja interessa for tilbakeflytting til bygdene for ungdommar som er flytta til større byområde. Å fylla ut sentrum i ei bygd med bustadhus, vart ofte av Husbanken foretrekt framfor å vera med på nye bustadfelt eit stykke frå sentrumsfunksjonar.

Det er stadig ti prosent av folket i landet på flyttefot, så har ein noko å tilby av kultur og aktivitetar, kan det vera med å skapa freistigar for å flytta til ein stad, sa Husbankrepresentanten.

Av Torfinn Myklebust

---